

Dag Unnar Mongstad

Til: Fylkesmannen i Rogaland

Kopi: Kopi Alver Kommune, Byggesaksavdelinga

Klage på Fylkesmannen i Rogaland si «Klageavgjerd – dispensasjon og samtykke til kai, flytebrygge og tilkomstveg – gnr. 123, bnr. 45, Alver kommune – tiltakshavar: Dag Unnar Mongstad»

Dykkar referanse 2020/100

Til slutt i svaret setjefylkesmannen i Rogaland sende Alver kommune 11.03.2020 står det:
«Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast til overordna forvaltningsorgan. Jf. Fvl. § 28»

Dette kan ikkje hindra meg som tiltakshavar å stilla spørsmål om ein del av konklusjonane og påstandane i svaret, samt manglande grunngevingar. Som part i saka forhold eg meg den retten og forventar at eg vert handsama med den respekt eg har rett på i forhold til forvaltninga.

Eg vil ta utgangspunkt i mine 2 søknadar, 1 søknad om bygging av tilkomstveg til naustet mitt og 1 søknad om oppføring av brygge med flytebrygge.

Tilkomstveg

Vegretten gjennom området er tinglyst på skøyte av 26.08.1971 og vidareført på skøyte av 02.07.1990. Naustet vart sett opp i 1973.

Når det gjeld min søknad om tilkomstveg så starta eg eigentleg dette arbeidet i 2008 ved å skriva til Lindås kommune og bad om å få avklara kvar min vegrett til naustet skulle takast ut. Sjølv etter puring fekk eg aldri svar frå kommunen på den henvendinga. Eg valde av den grunn å søkja om å anleggja tilkomstveg etter den løysinga eg såg. Den løysinga går inn på eit område som er avsett til leik og friområde. Imidlertid meiner eg, som det står i søknaden, at ein tilkomstveg inn i dette friområdet vil gje ålmenta heilt nye mogelegheiter til å nytta området. I kommunen sitt avslag (administrativt) av 30.04.2019 skriv kommunen blant anna;

«Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjøn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. Pbl. § 29-2»

Eg anka avslaget frå kommunen og bad om at Plan og miljøutvalet (PMU) kom på synfaring før saka vart handsama politisk. Etter synfaringa vedtok PMU blant anna dette vedrørande vegen:

«PMU ser at ein veg vil bidra til å sikre allmennheten tilgjenge til friområdet og sjøen på ein betre måte. Dagens sti langs sjøkanten er uoversiktlig og ikkje universelt utforma. Ved å sikre veg vil ein ivareta bevegelseshemmede sin tilgang til sjøen. Ein ny veg aukar sikkerheten for tiltakshavar og andre brukarar av friområdet..... Utifrå ei total vurdering er fordelene ved å gje dispensasjon klart større enn ulempene. Tiltaket vil ikkje berre ha gevinst for tiltakshavar, men også for ålmenta.»

Fylkesmannen i Vestland har uttala seg to gongar i saka, 04.04. og 14.10.2019. Eg henviser her til klagen av 14.10. då svaret eigentleg er det same begge gongar. Fylkesmannen i Vestland skriv dette om vegen:

«.....Kartet viser også at det ein bekk i området vegen skal gå. Denne er ikkje omtalt. Veger vil føre til terrenginngrep i friområdet..... Vi kan ikkje sjå at det er nokon fordelar utanom dei private fordelane for tiltakshavar, som vi meiner går på kostnad av allmenn bruk av området.»

Fylkesmannen i Rogaland skriv blant anna dette vedrørande søknaden om veg i si klageavgjerd som

setjefylkesmann:

«Kommunen har på synfaring konstatert at vegen får skjeringar og store fyllingar og blir eit stort inngrep i landskapet. Vegen blir godt synleg frå bustadfeltet B11 og B12 og reduserer høvet til leik og friluftsliv i området.»

Eg registrerar at PMU, etter synfaring på staden, er einig med meg om at ein veg inn i friområdet vil gje ålmenta ein tilkomst inn i området og ned til sjøen som er positiv. Vedtaket deira syner at dei ser at dette området er lite tilgjengeleg i dag. PMU syner også til fordelane for rørslehemma ved å få anlagt veg inn i området. PMU konkluderer med at tiltaket ikkje vil ha gevinst berre for meg som tiltakshavar men for ålmenta. Eg tar og med at kommunen i det administrative avslaget skriv at tiltaket har gode visuelle kvalitetar.

Korleis kan då Fylkesmennene ha totalt motsatt konklusjon; ein veg har ingen verdi for andre enn tiltakshavar? Fylkesmannen i Rogaland kjem med påstand som eg ikkje finn i kommunen sine svar til min søknad. Kvar har Fylkesmannen i Rogaland fått opplysningar om at vegen får skjeringar og store fyllingar? Kva er bustadfeltet B11 og B12? Det er rett at det kjem ein liten bekk ned ved naustet mitt. Eg vil berre påpeika at ca 75 meter opp frå naustet mitt så er heile den opphavelige myra som bekken kom frå vorte masseutskifta i samband med utbygginga av byggefeltet. Så det er ikkje så mykje igjen av den sjarmerande bekken som ein gang var der. Det vil vera fullt mogeleg for meg å bygga vegen ned til naustet utan å øydeleggja bekkefarete som framleis er der. Uansett måtte eg ha funne ei løysing slik at vatnet renn fritt. Ei av løysingane ein kan tenkja seg er ei lita bru utan å skada bekkefarete. Det er trass alt like ved naustet at denne bekken må kryssast, tilkomstvegen til naustet er planlagt på berget vest for myra/bekken.

Eg forventar at Fylkesmannen gjev svar vedrørende min tinglyste vegrett til naustet. Eg meiner både eg og kommunene ved PMU har rett på å få grunngjeve kvifor Fylkesmannen, utan å ha vore på synfaring, kan fastslå at PMU tar feil når dei meiner at ein veg inn i området er til gagn for ålmenta. Kva ser Fylkesmannen som me ikkje ser når Fylkesmannen fastslår at veg inn i friområdet ikkje kjem til nytte for ålmenta? Kva veit Fylkesmannen om bruken av dette friområdet i dag?

Brygga og flytebrygga

Som skrive tidlegare vart naustet sett opp i 1973. Dessverre vart det aldri gjort noko med kai så me har klatra og klyvd på berget i samband med båtbruken vår. Søknaden min er grunngjeve med at det er trong for å sikra forsvarleg lasting og lossing av fiskeutstyr. Grunngjevinga går på god tilrettelegging for liv og helse. I kommunen sitt avslag (administrativt) av 30.04.2019 skriv kommunen blant anna;

«Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjøn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. Pbl. § 29-2..... Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge..... Når det gjeld etablering av kai og flytebrygge viser administrasjonen til at det er etablert småbåthamn i nærleiken og at det etter gjeldande planar vil være naturleg at maritime tiltak skjer i tilknytning til småbåthamna»

Eg anka avslaget frå kommunen og bad om at Plan og miljøutvalet (PMU) kom på synfaring før saka vart handsama politisk. Etter synfaringa vedtok PMU blant anna dette vedrørende brygga og flytebrygga:

«Det er allereie etablert fleire naust og kaier i nærliggende områder. Det vil være uforholdsmessig for ein enkelt tiltakshavar å regulere heile området på nytt, då området alt er utvikla og ein ikkje vil sjå

nyttan av ei regulering.

Kai vil også auka sikkerheten frå sjø til naustet.

Tiltaket vil ikkje ha negativ påvirkning på miljø, jordvern eller tilgjengelighet.

Utifrå ei total vurdering er fordelene ved å gje dispensasjon klart større enn ulempene.»

Fylkesmannen i Vestland har uttala seg to gongar i saka, 04.04. og 14.10.2019. Eg henviser her til klagen av 14.10. då svaret eigentleg er det same begge gongar. Fylkesmannen i Vestland skriv dette om brygga og flytebrygga:

«Fylkesmannen rådde ifrå dispensasjon til ny plassering av naust i brev av 04.04.2019..... Området er lite privatisert i dag..... Etter det vi kan sjå er området utanfor naust og i området der kaien er søkt om, grunt og eigna for vassing og leik i fjæra..... Vi viser også til at det er etablert ein småbåthamn i nærleiken og at kommunedelplanen ser ut til å opne for å planlegge for ei utviding av denne.

Fylkesmannen i Rogaland skriv blant anna dette vedrørende søknaden om brygga og flytebrygga i si klageavgjerd som setjefylkesmann:

«Kai og flytebrygge er planlagd ved eit svaberg som i dag er urørt og eigna mellom anna til bading og friluftsliv.....Fylkesmannen ser det slik at vegen, kaien og flytebrygga bygger ned og privatiserer ei verdfull strandzone. Området har betydelege strandzoneverdiar som blir redusert dersom anlegget vert bygd og tiltaket skader landskapsverdiene og høvet til friluftsliv..... Fylkesmannen viser til at det er ein småbåthamn i nærleiken av dei planlagde tiltaka.»

Eg registrerar at PMU etter å ha vore på synfaring ved naustet kjem med sine konklusjonar om at dei støttar min søknad. Fylkesmennene fortset å syna til båthamna i nærleiken. Eg svarar på dette i mitt svar til Lindås kommune 19.05.2019 der eg ankar det administrative vedtaket kommunen gav. Eg driv eit ganske stort hobbyfiske og fisket mitt består svært lite av stang og handsnøre, men derimot av garn, line, teiner og ruser. Sjølv sagt lagrar eg dette fiskeutstyret i naustet, eg gjer opp utstyret og egner linene mine i naustet. Då er ei småbåthamn i nærleiken til svært lita hjelp. Som eg skriv i søknaden så argumenterer eg med tryggleiken ved lasting og lossing av dette fiskeutstyret og ved i land og ombordstiging.

Fylkesmannen i Vestland skriv i sitt svar at «Fylkesmannen rådde ifrå dispensasjon til ny plassering av naust i brev av 04.04.2019.....» Kva meiner Fylkesmannen med dette? Har Fylkesmannen lest søknaden? Det gjeld ikkje ny plassering av naust, naustet vart sett opp i 1973.

Fylkesmannen i Rogaland skriv og at dispensasjonar kan mellom anna gi uheldige presedensverknader og uthola planane sitt verd som kjelde for informasjon og grunnlag for avgjerdar. PMU skriv i sitt vedtak: Det er allereie etablert fleire naust og kaiar i nærliggende områder. Det vil være uforholdsmessig for ein enkelt tiltakshaver å regulere heile området på nytt, då området alt er utvikla og ein ikkje vil sjå nytten av ei regulering.

Desse setningane opp mot kvarandre vert svært spesielle, PMU tar omsyn til kva som har skjedd i nærleiken og antydar at det er vanskeleg å sei nei til mitt tiltak medan Fylkesmannen tydeleg ikkje ser på resten av området.

Når me bygde naustet vårt i 1973 så var heile dette området frå Finnesbø i sør ut Rissundet/Risøystraumen og nordre del av Risøy svært lite bebygd. Det var ikkje kome veg og bru til Risøy. Denne vegen og brua kom siste halvdel av 70 talet. Rissundet byggefelt vart lagt ut som byggeland rundt 1980. Småbåthamna kom på slutten av 70 talet og har vorte vidareutvikla sidan til dagens storleik. I den same tida har det vorte gitt fleire løyver til oppsetjing av naust og bygging av kaiar i området.

Når me sette opp naustet var det på gardsnr 112 bruksnr 2 eit fråflytta hus og ein gamal kai, på

gnr.81 bnr 5 var det ei hytta og kai. Gnr 112 bnr 5 var det ei hytta med eit naust og kai. Utover Rissundet (på Nordhordlandskart.no kalla Risøystraumen) og på nordre Risøy var det lite som var bebyggt. Innpå Stornesvika var det eit par hytter og naust. I dag er det i tillegg til dette og småbåthamna kome opp fylgande; Naust med kai på gnr 81 bnr 47, nytt naust på gnr 112 bnr 5. På nordre Risøy kom det fyrst eit hyttefelt med mange naust på slutten av 70- byrjinga av 80 talet, for ein del år attende kom det eit nytt hyttefelt på nordre Risøy med to rekker med naust og kai og flytebrygger i Rissundet/Risøystraumen. Desse siste vart etter det eg kjenner til godkjent etter anke til departementet. Er det ikkje naturleg at Fylkesmannen tar dette til etterretning?

Eg vil spesielt syna til gnr 123 bnr 181 og 182, desse ligg gode 100 meter søraust for min sjøeigedom og kom opp lenge etter mitt naust. Rundt begge desse nausta er det gitt løyve til å bygga kai. Siste dispensasjonen her vart gitt til bnr 182 og denne dispensasjonen er ikkje lenge sidan.

Etter mi forståing av presedens så må den med denne bakgrunnen telja for min søknad, ikkje imot. Å hevda at ein dispensasjon til meg kan danna presedens er vanskeleg å skjønna. Naustet og eigedommen min ligg eigentleg inneklemt mellom eigedomar som det er gitt dispensasjon for og heile området er eigentleg konsentrert til båtbruk. Det som og er heilt uforståeleg for meg er Fylkesmennene sine forskjellige påstandar om at ein veg inn i det dei beskriv som eit flott friluftsområde ikkje vil vera til gagn for andre enn tiltakshavar. Eg ser heller ikkje eignedeita til bading og vassing som de ser, kan Fylkesmannen gje ei grunngeving for korleis han kan fastslå dette? Her vil eg og syna til uttale frå kommunen frå ca 1984 då me fekk ei løysing mellom Rissundet velforeining, Lindås båtforeining og kommunen om området mellom båthamna og min nausteeigedom. Frå kommunen vart det den gongen synt til at dette ikkje kunne omtalast som badestrand på grunn av den store båttrafikken båthamna utgjorde. Eg vil berre påpeika den store auken av båt plassar og båtbruk som har kome sidan 1984. Reknar med at det ikkje tilseier at området er meir eigna til bading.

Eg ber om at saka vert vurdert på nytt og forventar då at Fylkesmannen kjem på synfaring for å verkeleg sjå kva de uttalar dykk om. Då ventar eg konkrete svar på det Fylkesmannen hevdar og kvifor Fylkesmennene ser bort frå mine spørsmål samt PMU sine vedtak. PMU har fleire konkrete påstandar kvifor dei støttar søknaden. Eg forventar at Fylkesmannen svarar på kvar enkelt av dei. Kva meiner Fylkesmannen om tryggleik ved lasting og lossing av fiskeutstyr? Me kjenner vel alle til kva myndighetene gjer for å redusera drukningsulukker, tel ikkje slike punkt i det heile? Kva meiner Fylkesmannen om presedens når alle dispensasjonar rundt mi nausttomt ikkje då tel positivt for min søknad. Verken Fylkesmannen i Vestland eller Rogaland har gitt noko som helst grunngeving for kvifor dei kan koma med motsatt konklusjon og påstandar.

Helsing

Dag Unnar Mongstad

dagum@online.no

909 33 513